



Arkoconsult AS
Tom Andre Sivertsen
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2157 - 17/4023

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
02.03.2017

Godkjenning - endring av løyve, plassering av bustad på Hjertås, gbnr 9/210.

Administrativt vedtak. Saknr: 57/2017

Tiltakshavar: Meland Bolig AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1

Saksutgreiing:

Tiltak:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20- 1 motteke 17.02.2017 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av gitt løyve dagsett 20.09.2016 – vedtak 298/2016 - plassering av einebustad på gbnr 9/210 i Meland kommune.

Det vert søkt om å vri huset mot nordaust, vist på situasjonskart med innmålt grunnmur dagsett 23.01.2017.

Nabovarsling:

Endringsmeldinga er ikkje nabovarsla. Kommunen finn at omsøkt endring er av mindre vesentleg betydning og krev ikkje nabovarsling, jf Pbl § 21-3.

Plassering, høgde og avstand til nabogrense :

Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand til naboeigedommane, jf pbl § 29-4, og dei rammene som elles er sett for tiltaket i reguleringsplan for området.

Kommunen har ingen merknader til endra plassering.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20- 1 endring av gitt løyve for plassering av einebustad på gbnr 9/210 i samsvar med søknad motteke 17.02.2017..

Plassering av tiltaket vert godkjend som vist på situasjonskart stempla godkjend 02.03.2017.
For plassering og høgde gjeld eit toleransekrav i horisontalt og vertikalt plan +/- 50 cm og +/- 20 cm.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-fil eller SOSI-filformat. Dokumentasjonen skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert registrert for faste eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningslova, så fram det ikkje følgjer anna av vedtaket her.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
9-210

Kopi til:
Meland Bolig AS

Mottakere:
Arkoconsult AS

Tom Andre
Sivertsen

5291

VALESTRANDSFOSSEN